

## Uttale i samband med mogleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark

Noreg har nok av urørt natur, tenkjer du kanskje, men veit du at berre 11,5 prosent av Noregs areal er rekna som villmarksprege? Det vil seie område som ligg minst 5 km frå større tekniske inngrep. I 1940 var talet om lag 34 prosent.[1] Det blir altså jamt mindre urørt natur – område der me kan gå fjellturar, skiturar eller dra på jakt utan å møte større spor etter menneskeleg verksemd. I Noreg har me framleis høve til dette. Det er lett å gløyme kor privilegerte me er og ta det som ei sjølvfølgje, men tala snakkar for seg. Me byggjer ned stadig meir av naturen, og det er ikkje sjølvsgd at våre barn og barnebarn får det same høvet til å nyte urørt natur som me har.

Samstundes er det òg større verdiar på spel. Verda står midt i ei naturkrise, og ein snakkar om ei sjette masseutrydding.[2] Til skilnad frå då dinosaurane døydde ut er det no menneska si rovdrift på naturen som har skulda. Vår areal- og ressursbruk fører til utrydding av arter og truar balansen i naturen. Ved sida av naturen sitt eigenverd set dette òg viktige økosystemtenester i fare, tenester me er heilt avhengige av for å ha eit livsgrunnlag. Luft å puste i, reint vann og mat på bordet. For å møte desse utfordringane vedtok dei fleste land i verda ei historisk, global naturavtale i 2022. Avtala skal følgjast opp med nasjonale handlingsplanar, og har mellom anna som mål at 30 prosent av verda sine hav- og landområde skal vere verna innan 2030. Per i dag er 17,6 prosent av Noregs areal på land verna[1], så me har ein veg å gå.

No jobbar statsforvaltaren i Vestland med ei mogleg utviding på vestsida av Jotunheimen nasjonalpark, og skal i fyrste omgang avklare om det er lokal aksept for å starte ein prosess. Årdal Turlag meiner at me i Årdal burde stille oss positive til den føreslegne utvidinga. Vern er eit godt verkemiddel for å avverje tap av meir natur og tryggje komande generasjonar sine høve til å nyte dei same naturopplevingane som oss.

Verneområde er sjølvsgd ikkje noko nytt for oss her ved porten til Jotunheimen. I 2020 vart Årdal godkjend som nasjonalparkkommune. Dette lyt me vere stolte over og byggje vidare på – det er eit vitnesbyrd om dei unike naturverdiane me har innanfor kommunegrensa. Den nylege gladsaka om nasjonalparksenter i Utladalen eit godt døme på kva positive verknadar verneområde kan gje lokalsamfunnet vårt. Prosjektet vil gje vesentlege midlar over fleire år, og styrke Utladalen og Årdal som reisemål. Vårt sterkaste kort i ei satsing på turisme er naturen, og då lyt me ta grep for å tryggje berekraftig forvaltning av han.

Gløym heller ikkje fordelane for oss som bur her fast. Å sikre tilgjenge på natur med dei rekreasjonsmoglegheitene det gjev er eit godt folkehelseiltak. Når det gjeld å skape bulyst og befolkningsvekst har Årdal òg mykje å tene på å satse på natur. Årdalsnaturen gjev høve til vakre og varierte naturopplevingar. Både til- og heimflyttarar trekkjer ofte fram dette som noko som gjer Årdal til ein attraktiv stad å bu. Det lyt me vere stolte over, og ta val for å hegne om.

[1]: miljøstatus.no

[2]: wwf.no